

Sparebanken Sogn og Fjordane

FØRDE CUP



*sparebanken
sogn og fjordane*

Hovudsamarbeidspartnar Førde Cup 2011:

PROGRAM

11. - 13. NOVEMBER 2011

Førdehuset, Førde



på lag med Førdefotballen



Pulje – og kampoppsett

Pulje – og kampoppsett vil ein finne ved å gå inn på Førde IL Fotball si heimeside:

www.forde-fotball.no

Vi vil også trykke opp dette slik at alle laga får det utdelt saman med effektar ved innsjekking i sekretariatet.

Resultat undervegs i turneringa vil fortløpande bli lagt ut på denne internettadressa. På denne måten kan også dei som ikkje har høve til å reise med laget sitt, halde seg orientert på lik linje med alle andre på korleis det går med laget sitt.

Samarbeidspartnar Førde Cup 2011:

STØTTESPILLER FOR FØRDE FOTBALL



Velkommen til Sparebanken Sogn og Fjordane Førde Cup 2011

Det er med stor glede vi ønskjer velkomen til 15- års jubileum for Førde Cup. Med nærleik mellom turneringsarena, overnattingsplassar, kulturtilbod og handel har vi fått til eit konsept vi er stolte av, og som de som deltakarar vel å vere med på. I årets turnering har vi 128 deltakarlag, og vi tek det som ei stadfesting på at de tykkjer det er kjekt å vere med. Men gje oss gjerne ein lyd om det er noko vi treng å forbetre!

Førde IL Fotball har fått ny hovudsamarbeidspartnar, og turneringa heiter difor Sparebanken Sogn og Fjordane (SSF) Førde cup. Vi er stolte av å samarbeide med SSF og vi håpar at de legg merke til og brukar både dei og dei andre sponsorane for turneringa, samt handelsstanden elles i Førde.

Vi gjer merksam på at Fair Play er eit sentralt omgrep i fotballen. Det betyr at trenarar, utøvarar og leiarar skal ta vare på medspelarar og motspelarar, unngå stygt spel og filming og skape tryggleik og god lagånd. Vi ønskjer at de strebar etter å gjennomføre Fair Play også på denne turneringa. Vi håpar også at denne helga kan brukast til å skaffe seg nye vener og kontaktar, og nye impulsar frå andre. Og vi oppfordrar dykk til å bruke tilbod som symjing, kino og diskotek.

Vi vil elles informere om at i desse dagar blir spaden sett i jorda for Hafstadparken. Dette blir ein fantastisk bypark for Førde, men mest interessant for fotball er at det der vil kome eit stort klubbhus, to 11-ar baner kunstgras, samt areal for tre 7-ar baner gras. Med desse banene, i tillegg til dei vi har frå før, har vi målsetting om å lage Førde cup utandørs til ei kjempestor turnering. Så ha oss i tankane når de planlegg turneringsaktiviteten dykkar i framtida.

Med dette vil styret i Sparebanken Sogn og Fjordane Førde Cup ønskje alle hjarteleg velkomne og lykke til med turneringa. Vi håpar alle vil få hyggelege fotballdagar saman med oss her i Førde.

God turnering!

Program

Fredag 11. november

Kl. 18.00-22.30: Innkvartering

Kl. 19.00-22.30: Innleiande kampar

Laurdag 12. november

Kl. 08.00-22.00: Innleiande kampar

Kl. 21.00-24.00: Diskotek i Førdehuset

Søndag 13. november

Kl. 08.00-17.00: A- og B-sluttspel

Arrangementet er slutt ca kl. 17.30.

Førde cup - Meir enn fotball

Badeland i Førdehuset er ope

følgjande tider:

Laurdag: 12.00 - 17.00

Sundag: 10.00 - 15.00.

Laurdag 12. nov.

Framsyningane i år er berre for del-takarane på FørdeCup (men vi køyrer vanleg filmframsyning(ar) i Lisjesalen)

kl. 14.00 - "Amors Baller"

kl. 16.00 - "De tre musketerer" i 3D

Vi vonar du får ei opplevingsrik og triveleg fotballhelg i Førde.

Hovudsponsor Førde Cup



sparebanken
sogn og fjordane


– på lag med Førdefotballen –

Amors baller

No. ungdomskomedie (1t. 19 min.) med handling lagd til velkjende Norway Cup, spekka med humor, romantiske sommarnetter og drivande konflikter både av og på bana.

Svenske Lucas flyttar frå Stockholm til ein liten

norsk by og forelskar seg umiddelbart i Susanne, keeper'n på det lokale jentelaget. Han blir kjend med den overvektige og sexfikserte sonen til trenaren, og med han som sarringspartnar, legg Lucas ein plan for å vinne Susannes hjarte. Men Susanne har kjærast og Lucas skal raskt forstå at vegen til kjærleik kan være brulagd med løgner og uvenskap...



De tre musketerer (i 3D)

Am. action/eventyr. 1t. 50 min. 11 år. Storslått nyinnspeling i 3D av den verdskjente historia og klassiske boka av Alexandre Dumas. Med m.a. Christopher Waltz, Orlando Bloom, Milla Jovovich og Mads Mikkelsen.

Dei ein gong så kjente musketerane Athos, Porthos og Aramis har trukke seg tilbake og lever liva sine liv utanfor rampelyset. Men når den unge og eventyrlystne D'Artagnan kjem til Paris for å oppfylla draumen om å bli musketer blir dei dregne inn i det vanskelegaste oppdraget nokon gong - å hjelpa Frankrike med å unngå ein krig med England.



Kjære fotballvener!

Vi gler oss til fine dagar med fotball i fokus! No har vi krope innandørs og Førdehuset og Førde IL si fotballgruppe er klar til å ta imot hundrevis av ivrige fotballspelarar som også gler seg til gode kampar og sosialt samvær. Forutan det sportslege utbyttet er vel den sosiale sida ved deltaking på eit slik arrangement like viktig. Turneringa markerer overgangen frå sommar- til vinter-sesongen og er starten på oppkjøring til neste sesong for mange. Lat oss forresten håpe at kommande vinter ikkje blir like lang som den siste.

Det ligg i år som tidlegare mykje arbeid bak dette arrangementet og vi håpar at alle deltakarar og støtteapparat får ei god oppleving. SSF-Førde Cup er det nye namnet, der Sparebanken Sogn og Fjordane, som ny hovudsponsor for Fotballgruppa spelar ei viktig rolle. Banken sin støtte til drift og utvikling av anlegg og kompetanse er avgjerande for satsinga vår framover, og saman med det frivillige apparatet utgjer det ryggraden i dette arrangementet.

Ta Førde i bruk! Klubben og byen ønskjer dykk velkommen og er klar for fine dagar i god sportsånd med Fair-Play som bakgrunn!

Med sportsleg helsing

Rasmus Værn

Leiar Førde IL Fotball



Praktiske opplysningar!

Ved ankomst må leiar for klubben straks vende seg til sekretariatet i Førdehuset for innsjekking. Her vil klubben få utlevert sine deltakareffektar samt motta nyttig informasjon om endringar etc.

Ingen lag kan starte sin første kamp utan at klubben har sjekka inn.

Namneliste for alle deltakarar skal leverast ved innsjekking.

Måltid:

Fredag:	Middag	kl. 19.00 - 22.00
Laurdag:	Frukost	kl. 07.30 - 10.00
	Lunch	kl. 12.00 - 14.00
	Middag	kl. 18.00 - 21.00
Sundag:	Frukost	kl. 08.00 - 10.00
	Lunch	kl. 12.00 - 14.00

Alle måltid vert servert på Førde ungdomsskule

Deltakarar utan A-kort kan få kjøpt enkeltmåltid. Matbilletter får ein i sekretariatet i Førdehuset eller kiosken på Førde ungdomsskule.

Matkupong alle måltid kr. 200,-

Pris pr. måltid kr. 50,-

Viktig:

Turneringsleiinga gjer merksam på at det berre er adgang til å nytte sko med lys sole i idrettshallen i Førdehuset.

Laga som nyttar garderobane i Førdehuset, må ikkje legge frå seg verdisaker i desse. Vi oppfordrar lagleiarane om å ta vare på dette for spelarane sine.

- All mat og drikke er forbode i idrettshallen, unntatt vatn på drikkeflasker.
- Det er ikkje tillate å bruke ball i kaféen.

HUGSELISTE



SPELARLISTE 2011

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE – FØRDE CUP

Skal leverast i sekretariatet ved ankomst

Namnet på klubben		klasse	pujenn. (fyllast ut av arrangør)
Spelarar	Namn		Fødd år
1
2
3
4
5
6
7
8
9
10
11
12
13
14
15
16
Leiarar	Namn		Tlf.
1
2

Underskifta til lagleiar



SPELARLISTE 2011

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE – FØRDE CUP

Skal leverast i sekretariatet ved ankomst

.....
Namnet på klubben

.....
klasse

.....
puljentr.
(fyllast ut av arrangør)

Spelarar	Namn	Fødd år
1
2
3
4
5
6
7
8
9
10
11
12
13
14
15
16

Leiarar	Namn	Tlf.
1
2

.....
Underskifta til lagleiar

 <p>eninvest breiband i Sogn og Fjordane</p>	
	<p>Førde Elektro og Rør AS DIN LOKALE ELEKTRIKAR OG RØRLEGGAR  57 72 39 90</p>
<p>Skade på bilen? Ring 57 83 72 50</p>  <p>BILSKADESENTERET AS www.bilskadesenteret-as.no</p>	<p>STØTTESPILLER FOR FØRDE FOTBALL</p>  <p>NEUMANN BYGG AS - EN VIRKSOMHET I DT GROUP - leverandør til godt håndverk</p>
	<p>Opus AS</p> 
<p>FRYDENBØ BILSENTER</p>	<p>arnes  frisørhjørne Longbruvegen 19 - Førde, Tlf. 57 82 62 05 - 57 82 12 05</p>
 <p>FØRDE VULK Etablert 1949</p>	

Turneringsleing

Hovudkomité: Odd Henrik Hagen - turneringsleiar
Liv Røthe Anders Skreien Kato Husabø Fossen
Kåre Holsæter Trond Olsen Inger Karin Oppedal
Henrik Arne Losnegaard

Kampoppsett: Henrik Arne Losnegaard

Førdecupsekretariatet er lokalisert til Førdehuset.

Opningstider: Fredag 18.00 - 22.30
Laurdag 08.00 - 20.00
Sundag 08.00 - 17.00

Hovudjury: Hallgeir Frøystadvåg, Bergsøy IL (Sunnmøre)
Heidi Teigland, Bergen/Nord (Hordaland)
Per Øyvind Storevik, Førde IL (Sogn og Fjordane)

Turnerings- og kampreglement:
Førde Cup vert avvikla etter NFF sitt spelereglement for fotball på små baner.

Klasseinndeling: Småjenter (SMJ) fødte etter 01.01. 1997
Smågutar (SMG) fødte etter 01.01. 1997
Jenter (J) fødte etter 01.01.1995
Gutar (G) fødte etter 01.01. 1995
Junior damer (JD) fødte etter 01.01. 1992
Junior herrar (JH) fødte etter 01.01. 1992

Speletid: Innleiande kampar 1 x 14 min. Sluttspele 1 x 14 min.
Elles følgjer ein NFF sitt reglement for 5'ar-fotball.

Spelesystem: 5 spelarar på bana samstundes.
(Keeper + 4 utespelarar)
Ein spelar kan berre brukast på eitt lag i same klasse.

Ved lik poengsum i seriespele blir rekkjefølgja avgjort slik:

1. Resultat i innbyrdes oppgjer
2. Målskilnad
3. Tal scora mål
4. Loddtrekning

Spelesystem forts.: I cupspel nyttar ein følgande løysningar ved uavgjort resultat:

- 1 x 3 min. ekstraomgangar der første mål vinn
- Straffesparkkonkurranse i alle klassar
- Loddtrekning

Andre reglar: For å avgjere rekkjefølgja mellom laga i klassar med ulikt tal lag i puljane, blir resultatet mot dårlegaste laget teke vekk i dei puljane som har flest lag.
Rødt kort: utøvar må stå over neste kamp

Kampavvikling, protestar, frammøte m.m.

Protestar:

Eventuelle protestar skal leverast skriftleg i sekretariatet seinast 30 min. etter kampslutt. Protesten skal vere underteikna av den person som er oppført som klubben sin kontaktperson under turneringa. Juryen si avgjerd kan ikkje påklagast. Protestgebyr er sett til kr. 250,- og skal innbetalast ved innlevering av protesten. Blir protesten teken til følgje vil laget få refundert protestgebyret.

Frammøte:

Alle lag pliktar å stille ferdig skifta ved kampbana seinast 5 min. før kampstart. Lag som ikkje møter til kampstart tapar kampen og resultatet vert sett til 0-0. Er eit lag lovleg forseinka til kampstart, skal sekretariatet orienterast om dette snarast råd. Etter kampslutt oppmodar vi laga til å forlate kampbana. Det er ønskjeleg at ein utanom kampane nyttar tribuneanlegget.

Kampavvikling:

Kampane vert spelt på tre baner samstundes. Kampane startar og stoppar etter signal frå dommar/speaker. På bana har sekretariatet ein person som held kontakt med dommar og kampsekretariatet. (Lagleiarane kan gjere seg nytte av denne personen om det er trong for det.)

Drakter etc:

Det lag som står oppført som heimelag i kampane tek avspark og stiller på den banehalvdel der tidklokka er. Har to lag like drakter, skal bortelaget skifte drakter, eventuelt nytte tilviste vestar. Bortelaget er ansvarleg for å undersøke om like drakter vert nytta.

Tidlegare vinnarar	1997 Førde IL Førde IL Gutar Småjenter Jenter	1998 Skavøypoll IL Førde IL Torvund IL Vadheim IL	1999 FK Bergen Nord Førde IL Gaular IL Øygard IL	2000 Åsane West Side FK Bergen Nord Førde IL Gaular
Tidlegare vinnarar	2001 Florø SK Sandane IL Bergen Nord Bergsøy IL	2002 Askv./Holmedal IL Jølster IL Florø SK Gaular IL	2003 Førde IL Jølster IL Florø SK FK Bergen Nord/Hovding Sandane TIL Førde IL	2004 Florø SK Førde IL Bergsøy IL IL Høyang Førde IL Dale IL
Tidlegare vinnarar	2005 Vadmyra City Førde IL Kaupanger IL Kaupanger IL Førde IL Dale IL	2006 Førde IL Førde IL BergenNord/ Hovding Førde IL Førde IL Balestrand IL	2007 Førde IL Smørås IL Bergen Nord/Hovding IL Høyang Førde IL Balestrand IL	2008 Bergen Nord FK Vik IL Førde IL Askvoll/Holmedal IL Førde IL Bergsøy IL
Tidlegare vinnarar	2009 Vik IL Bergen Nord FK Balestrand IL Jølster IL Larsnes IL Bergsøy IL	2010 Førde IL Førde IL Førde IL Loddefjord IL Jølster Førde IL		



Draktfargar Sparebanken Vest Førde Cup 2011:

KLUBB	BUKSE	SKJORTE
Arna Bjørnar	Svart	Raud
Askvoll/Holmedal IL	Kvit	Grøn
Atløy IL	Svart	Kvit
Balestrand IL	Kvit	Blå
Bergen Nord	Blå	Kvit
Bergen Nord/Hovding	Svart	Kvit
Bergsøy IL - Fotball	Raud	Kvit
Dale IL	Blå	Gul
Eikanger/Norhordland/Kvernbit	?	?
Florø SK	Svart	Rosa el. Blå/Svart
Førde IL	Svart	Kvit
Gaular IL	Raud	Raud
Gjerdsvika IL	Svart	Grøn
Gurskøy IL	Svart	Gul
Hedalen / Begnadalen	Svart	Rosa
Hovding	Raud	Kvit
Hyllestad	Svart	Raud
IL Høyang	Kvit	Raud
IL Bjørn	Blå	Raud
Jølster IL	Svart	Grøn
Kaupanger IL	Svart	Grøn
Larsnes IL	Svart	Gul/Svart
Lindås IL	Kvit	Raud
Mauseidvåg og Solevåg IL	Kvit	Grøn
Solund IL	Blå	Blå
Tambarskjelvar IL	Svart	Gul
Tjørvåg IL	Kvit	Raud
Vik il	Blå	Kvit
Åheim IL	Blå	Kvit
Åram IL	Grøn	Kvit

Samarbeidspartner



Kvalitet - Trygghet - Erfaring

Vi er stolte av å være en bedrift som har lange tradisjoner og hvor kvalitet i alle ledd er viktig.



Leverandør til godt håndverk

Flovegen 5, 6800 Førde - Telefon: 57 82 85 00 - Telefaks: 57 82 85 01

www.neumann.no

TRELAST OG BYGGEVARER - MUR OG BETONGPRODUKTER - KJØKKEN, BAD OG INTERIØR

NORWAY BY UMBRO

2011



RECOMMENDED BY
BREDE HANGELAND